

namn & nytt

Namnedag

12. oktober: Vibeke, Valter.
13. oktober: Torgeir, Tarjei, Terje.
14. oktober: Kaia, Kai.

Merkedagar

14. oktober: Vinterdag. Også kalla den fyrste vinternatta eller fyrste vinterdagen. I gamal tid rekna ein tre vinterdagar frå og med 14. oktober. Det var også fyrste kalenderdagen, årets start.

85 år

Torbjørn Seim, Granvin, fyller 85 år søndag 13. oktober.

80 år

Magne Tesdal, Voss, fyller 80 år i dag, laurdag 12. oktober.

Jorund Nødtvedt Solheim, Dale, fyller 80 år søndag 13. oktober.

Ragnvald Tveit, Lofthus, fyller 80 år søndag 13. oktober.

75 år

Andry Ellinor Birkeland, Dale, fyller 75 år måndag 14. oktober.

Karin Annie Nesheim, Vossestrand, fyller 75 år måndag 14. oktober.

50 år

Jakob Ekse, Voss, fyller 50 år i dag, laurdag 12. oktober.

Ellen Marie Giljarhus, Voss, fyller 50 år måndag 14. oktober.

Til lukka

Eg vil gratulera **INGVILD** og **TRULS THORSEN** med bursdagane deira. Håpar de hadde ein fin dag. Mange gode klemmar frå **grandtante Reidun**



Kjære **FRIDA VAKSDAL LÅSTAD!**

Me vil gratulera Frida-sjarmtroll så mykje med **3-årsdagen** i dag, 12. oktober! Håpar du får ein super bursdag!!


Bursdagsklemmar frå **Sofie, Bendik, mamma og pappa!**



Hipp, hurra for godguten **VEGARD LUNDE VATNE**

som fyller 3 år 14. oktober. Me er alle veldig glade i deg!

Bursdagsklem frå **Emil, Ulrik, tante, onkel, besto og besten**



MARTIN DAHLE 12 ÅR


Godguten vår, Martin fyller 12 år i dag, og me ynskjer deg ein fin bursdag. Glade i deg.

Gode klemmar frå **Jøran, pappa og mamma**



MARTIN BYRKJE KOLLENES!!

Gratulera med 8-årsdagen den 14. oktober! Glæ'e i deg ☺ Stor klem frå **Nina, Emma, Mamma og Pappa**



ALBERT PRESTEGARD

Til lukke med 10-årsdagen.

Helsing **Viktor, Kristi, Arlene, mormor og mossen**

Moens-kreps til Akvariet

VOSS: Akvariet i Bergen – ved Kees Oscar Ekeli – skal få fanga opp til seks eksemplarar av krepsen som lever i Moensvatnet. Dette har Fylkesmannen bestemt, rett nok med eit atterhald om at fangsten må avklarast med den einskilde grunneigaren. Avgjerda er, ifylgje dokumenta Fylkesmannen har sendt Voss kommune, basert på at eit slikt oppfiske ikkje vil auka den samla belastninga på bestanden nemneverdig. Vedtaksbrevet ber underskriftene til seniorrådgjevar Anniken Friis og rådgjevar Gry Walle.

Goabadne



Erik Rogne og Grete Bryn Kvist fekk ei jente 25. august på Voss sjukehus, 4080 gram og 55 cm. Jenta heiter Emma. Stolte storesyster er Sara (1 år) og Mia (5).

Til lukka



SIRIL WÆRNES

Me vil gratulera den kjekke og flinke jenta vår med 10-årsdagen den 14. oktober. Mange gode klemmar frå **mormor, besten og resten av familien**



SANDER STANA

Gratulera so mykje med 11-årsdagen søndag 13. oktober. Helsing **Besto og Besten**



Hipp, hipp, hurra for **OLGA MINIKH** og **KNUT KVITNE**

som gifta seg i går 11. oktober 2013 i Nordhordland tingrett. **Heile familien gratulerer**



Endelig sa hun ja! Vi giftet oss i Roma 10. oktober

Gro og Torbjørn

HUGS FULLT NAMN

på den du vil gratulera når du tingar «Til lukka».

Hugs også namn/adr. på rekningbetalar.

Hordaland
www.avisa-hordaland.no

Teselskap med kon

Ivar B. Løne helsa frå mange vossingar då han møtte kong Harald under tefest på Slottet torsdag.

– Kongen var i strålende humør, og han smilte godt då eg helsa frå mange av mine vener på Voss. Det vart ein hyggjeleg, men kort prat. Han sette pris på å få helsingar frå Voss, seier Ivar B. Løne.

90-åringen var ei av 65 eldsjeler frå heile landet som var inviterte til Slottet for teselskap i Store Festsal. Ivar B. Løne og dei andre gjestene vart ein og ein ynkt velkomen i tur og orden av prinsesse Astrid, dronning Sonja og kong Harald. Det vart sett av godt med tid til å sitja ned, drikke te og prata under det kongelege teselskapet torsdag ettermiddag. Eldsjelene fekk også ei omvising på Slottet, lytta til konsert med Ole Paus og høyra innlegg frå tre av eldsjelene. Og kong Harald heldt velkomsttale.

– Eg var vel på Slottet i godt over tre timar, fortel 90-åringen, som også rosar dei tilsette på Slottet.

– Eg er jo ingen ungsau lenger, og eg er litt dårleg til beins no, men eg fekk god hjelp av nokre kjekke kvinner på Slottet, dei var så hyggjelege, så, smiler Løne.

«Eg er jo ingen ungsau lenger, og eg er litt dårleg til beins no, men eg fekk god hjelp av nokre kjekke kvinner på Slottet, dei var så hyggjelege.

ROS FRÅ KONGEN. – Når dronninga og eg reiser rundt i Noreg, møter me frivilligheita overalt. Dette store, bankande hjartet er ein viktig del av livskrafta i små og større samfunn i landet vårt, sa kongen i velkomsttalen.

Dei inviterte gjestane er engasjerte i idrett, kultur, lokalhistorie, politikk, sosialt arbeid og undervisning. Ikkje alle er så heldige å ha helse til å vera aktive også som eldre. Og om ein er så heldig, er det ikkje sjølvstøtt å gjere av si tid til nokon som treng det.

– Men det har dykk som er her i dag valt å gjera. Difor set mange menneske stor pris på dykk. Difor



KONGETE: Ole Paus syng for dei kongelege og dei 65 inviterte eldsjelene frå heile landet.

er de av stor verdi for lokalsamfunnet dykkar. Og difor er de til inspirasjon for andre – i alle aldrar, sa kong Harald.

IKKJE ROYALIST. 90-åringen frå Voss legg ikkje skjul på at han eigentleg ikkje er royalist, men at han har sansen for kong Harald.

– Eg har jo ikkje lyst til å vera royalist, men kong Harald er ein god mann, slik også far og bestefar hans var, seier Ivar B. Løne, som er spesielt glad for kongen sitt engasjement i miljøvern. At han vart invitert til Slottet på teselskap, syntest 90-åringen var ei stor ære. – Eg hadde aldri trudd at eg

skulle få oppleve dette. Det var ei kjekk oppleving, smiler mannen med det grå og rufsete skjegget.

Opp gjennom åra har han kjempa mykje for gamle bygg, mattradisjonar og diverse miljø saker på og rundt Voss. Løne var det fyrste som fekk Voss kommune sin miljøpris – ein pris han rett nok har truga med å levera tilbake fleire gonger. Løne si store suksess er vernet av Voss Mylna. Han har også gått på tap, som då han lenkja seg til Enkjeheimen for å unngå riving, utan å lukkast. På matfronten er det flatbrød, fisk, kvann, jordskock og surkål han er mest kjent for.